

## VOSS SPELEMANNSLAG 75 ÅR

Voss Spelemannslag fyller 75 år i 2016. Jubileet skal innehalde 3 større punkt. Konsert på Riksscena for folkemusikk i Oslo, konsert på Colombi Egg i Bergen og ein større jubileumskonsert på Voss 14. november.

Det er oppretta kontakt med Riksscena for folkemusikk i Oslo som for tida planlegg hausten, og me skal få plass på eit større arrangement. Her vil ein bruke av program som vert utarbeidd for jubileet. Her vil laget få ei godtgjering som dekkjer noko av utgiftene, medan laget må dekkje resten av eigne midlar.

Konserten på Voss skal innehalde alle aktive medlemmer med stort og smått innan spel, folkesong og dans. Her vil det verta stort fokus på å ta med dei som tek timar i dette feltet i Voss Kulturskule. Då det er viktig å syne unge utøvarar att det er eit miljø å koma til utover Kulturskulen. Her vil ein måtte bruke midlar på instruktørar utover dei som underviser til dagleg. Dette er nokre av lagets eigne utøvarar samt andre eksterne. For tida er det ei større gruppe born som dansar halling. Her vert dansaren Torkjell Børsheim frå Ulvik leigd inn med jamne mellomrom.

Ein ynskjer og å leige inn ein ekstern person som kan binde konserten saman "profesjonelt". Pr dato er denne personen førespurt men førebels ikkje kome med klarsignal, og soleis ikkje namngjeve her. Konserten er tenkt å vera ein førestilling med musikk, song, dans, bilde, film og arkivopptak bunde saman til ein heilskap.

Utgiftene til jubileet vil verta knytt til reise, instruksjon, husleige av øvingslokale/konsertlokale, "profesjonell" konsertskapar, lysingar med meir.

Instruksjon	10000
Husleige	5000
Konsertskapar/programleiar	25000
Lysingar	5000
Reise/overnatting Oslo og Bergen	20000
Mat	5000
Diverse	5000
<u>Sum</u>	<u>75000</u>